



Kommunar i geografisk driftseining Sogn og Fjordane

Dykkar referanse:

Vår referanse:

24/239816

Stad, dato:

Bergen, 22.05.2026

Høyringsbrev – endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt

1. Bakgrunn

Verda, samfunnet og norsk politi står overfor store utfordringar i tida som kjem. Ei ny tryggleikspolitisk situasjon, eit stadig meir dynamisk og komplekst kriminalitetsbilette, klimaendringar og aukande førekomst av ekstremvêr, rask teknologisk utvikling og demografiske endringar er noko av det som påverkar korleis politiet må løyse samfunnsoppdraget sitt i samspel med innbyggjarar og samarbeidspartnarar.

Offentleg sektor og politiet er pålagde å utnytte ressursane meir effektivt og avgrense underliggjande kostnadsvekst, og ein ventar trongare økonomiske rammer i åra som kjem. Ressursrammene for politidistriktet blir opplevd som knappe slik dei er i dag. I tillegg har politidistriktet utfordringar med å halde på, utvikle og rekruttere nye medarbeidarar i store delar av politidistriktet innanfor den spreidde organiseringa vi har i dag.

Vest politidistrikt har difor gjennomført eit prosjekt for å vurdere og vidareutvikle:

- arbeids- og samarbeidsprosessar internt og eksternt
- organiseringa av dei geografiske driftseiningane
- egedoms- og utstyrsporteføljen
- vakt- og beredskapsordningar
- samhandlinga mellom geografiske og funksjonelle driftseiningar
- fortløpande utviklingsmetodikk

Målet er å sikre best mogleg polititjenester til befolkninga – både i dag og i åra som kjem innanfor dei rammene vi har til rådvelde.

Politidistriktet er stort og samansett med 38 kommunar, høg aktivitet, lange avstandar, krevjande vegnett og store variasjonar i befolkning, oppdragsmengd og kriminalitet. Ein vesentleg del av politioppdraga og den registrerte kriminaliteten er konsentrert rundt regionale trafikknutepunkt og større befolkningssentra. Samstundes er det avgjerande å

oppretthalde lokal tilgjenge, førebygging og beredskap også i områder med lågare oppdragsvolum og store avstandar.

2. Tema for høyring

Politimeisteren si leiargruppe har på dette grunnlaget tilrådd endringar som skal:

- sikre målretta og tilpassa nærvær der behovet for polititenester er størst
- utvikle større fagmiljø som kjem heile distriktet til gode
- leggje til rette for tydelegare prioriteringar, meir effektiv ressursbruk og avgrense underliggjande kostnadsvekst
- leggje til rette for større fagmiljø for å halde på, utvikle og rekruttere medarbeidarar i heile distriktet
- vidareutvikle samhandling internt i politiet og med kommunane
- sikre lokal nærleik, tilgjenge, førebygging og tryggleik

Politimeisteren si leiargruppe føreslår følgjande endringar:

- reduksjon i tal på politistasjonsdistrikt frå 14 til 9
- endring av sju politistasjonar til såkalla tilpassa politistasjonar
- fase ut fire politistasjonar der det over tid ikkje har vore eit reelt polititilbod
- oppretthalde tre geografiske driftseiningar inntil vidare

Ein sentral del av tilrådinga er å sjå omgrepet nærleik for politiet på ein ny måte, ved å gå frå likt tilhald i faste bygg til å ha nærvær gjennom, mellom anna digitale møtestader, tilpassa politistasjonar og mobile møteplassar. Mobilt nærvær gjev òg kortare responstid og betre moglegheit til å nå innbyggjarane raskare når dei treng politiet.

3. Høyring

Politidistriktet ber om høyringsinnspel frå alle kommunar i politidistriktet. Alle kommunar vil anten bli direkte eller indirekte rørte av endringane som er føreslått.

Vi ber særleg om kommunane sine vurderingar innan tre område:

1. **Generelle vurderingar** av den samla tilrådinga og endringane som er føreslått
2. **Spesifikke synspunkt** på endringar og avbøtande tiltak knytt til sårbarheiter som rører den einskilde kommunen
3. **Innspel til vidare samarbeid** mellom kommune og politi for å sikre gode, tilgjengelege og førebyggjande polititenester for alle innbyggjarar innanfor gjeldande rammer

Fristen for høyringssvar blir sett til **torsdag 1. oktober 2026**, jf. utgreiingsinstruksen § 3-3. Høyringssvar sendast til post.vest@politiet.no.

4. Kommunespesifikk utgreiing

Det blir relativt små organisatoriske endringar i Sogn og Fjordane. Endringane vil i større eller mindre grad påverke kommunane i:

Nordfjord politistasjonsdistrikt

- Kinn
- Stad
- Stryn
- Gloppen (overført frå Sunnfjord politistasjonsdistrikt)

Sunnfjord politistasjonsdistrikt

- Kinn
- Sogndal
- Bremanger
- Sunnfjord
- Fjaler
- Høyanger
- Hyllestad
- Askvoll

Sogn politistasjonsdistrikt

- Sogndal
- Lærdal
- Årdal
- Luster og Aurland
- Vik (overført til Voss politistasjonsdistrikt)

Her gjer vi greie for kva endringar i polititenestene som blir føreslått for dei enkelte kommunane, korleis sårbarheiter er vurderte, og kva avbøtande tiltak som blir føreslått sette i verk.

4.1. Endringar som rører ved dei ulike kommunane

Endringane som er tilrådd er:

- **Nordfjord politistasjonsdistrikt blir oppretthalde.** Dei fire politistasjonane Stad, Måløy, Stryn og Gloppen inngår i politistasjonsdistriktet. Gloppen blir overført frå Sunnfjord- til Nordfjord politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet er ein del av den geografiske driftseininga Sogn og Fjordane.
- **Sunnfjord politistasjonsdistrikt blir oppretthalde.** Dei fem politistasjonane Førde, Florø, Fjaler og Høyanger, og Bremanger (tilpassa politistasjon), inngår i politistasjonsdistriktet. Politistasjonsdistriktet er ein del av den geografiske driftseininga Sogn og Fjordane.
- **Sogn politistasjonsdistrikt blir oppretthalde.** Dei to politistasjonane Sogndal og Lærdal, samt Årdal (blir fasa ut) og Aurland (blir fasa ut), inngår i politistasjonsdistriktet. Politistasjonen i Vik blir overført til Voss

politistasjonsdistrikt og den geografiske driftseininga Hordaland. Sogn politistasjonsdistrikt er ein del av den geografiske driftseininga Sogn og Fjordane.

Dei funksjonelle driftseiningane i Vest politidistrikt vil framleis sørgje for spesialistkompetanse og rask sakshandsaming i alvorlege og kompetansekreivjande saker i heile distriktet.

4.2. Risiko- og sårbarheitsvurdering

Politidistriktet har vurdert sårbarheiter og risiko knytt til tema som er identifisert i eigen risiko- og sårbarheitsanalyse, høyringsinnspel og innbyggjardialog:

- responstid og beredskap
- lokal tilgjenge og publikumskontakt
- førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge
- samhandling med kommunen og andre beredskapsaktørar

Risikoreduserande tiltak er skildra i punkt 4.3. Med risikoreduserande tiltak er restrisikoen vurdert som akseptable for alle politistasjonsdistrikta.

Vurderinga for Sunnfjord politistasjonsdistrikt er at:

- **Responstid og beredskap.** Det er få endringar som påverkar responstid og beredskap i politistasjonsdistriktet. Overføringa av Gloppen politistasjon til Nordfjord politistasjonsdistrikt påverkar ikkje responstid og beredskap samanlikna med dagens situasjon. Geografisk driftseining Sogn og Fjordane er eit felles vakt- og beredskapsområde der vesentlege oppdrag blir tildelte av operasjonssentralen og handterte av best eigna patruljeressurs.
- **Lokal tilgjenge og publikumskontakt.** Etablering av ein tilpassa politistasjon i Bremanger formalisera den tilpassa tenesta som finst der i dag, og blir vurdert som ein mindre risiko.
- **Førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge.** Det er få endringar som påverkar det førebyggjande arbeidet, særleg overfor barn og unge.
- **Samhandling med kommunen og andre beredskapsaktørar.** Det er få endringar som påverkar samhandlinga med kommunen og andre beredskapsaktørar.

Vurderinga for Nordfjord politistasjonsdistrikt er at:

- **Responstid og beredskap.** Det er få endringar som påverkar responstid og beredskap i det nye politistasjonsdistriktet. Geografisk driftseining Sogn og Fjordane er eit felles vakt- og beredskapsområde der vesentlege oppdrag blir tildelte av operasjonssentralen og handterte av best eigna patruljeressurs.
- **Lokal tilgjenge og publikumskontakt.** Det er få endringar som påverkar lokal tilgjenge og publikumskontakt. Både pressområde og område utanfor

pressområde vil få ei tilpassa og målretta teneste med ulike perspektiv og føremål.

- **Førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge.** Det er få endringar som påverkar det førebyggjande arbeidet, særleg overfor barn og unge.
- **Samhandling med kommunen og andre beredskapsaktørar.** Det er få endringar som påverkar samhandlinga med kommunen og andre beredskapsaktørar.

Vurderinga for Sogn politistasjonsdistrikt er at:

- **Responstid og beredskap.** Det er få endringar som påverkar responstid og beredskap i det nye politistasjonsdistriktet. Utfasing av Årdal og Aurland politistasjonar påverkar ikkje responstid og beredskap samanlikna med dagens situasjon. Politistasjonane har ikkje vore bemanna den seinare tida, og har ikkje vore oppmøtestad for vakt- og beredskapspatruljar dei siste åra.
- **Lokal tilgjenge og publikumskontakt.** Utfasing av politistasjonane i Årdal og Aurland kan gje ei sårbarheit ved at innbyggjarar opplever at politiet blir fjernare frå lokalsamfunnet. Dette er ein risikofaktor som må møtast med risikoreduserande tiltak.
- **Førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge.** Utfasing av politistasjonane i Årdal og Aurland blir vurdert som ivareteken ved at politikontaktordninga blir vidareført.
- **Samhandling med kommunen og andre beredskapsaktørar.** Utfasing av politistasjonane i Årdal og Aurland kan gje ei sårbarheit ved at samhandlinga med kommunane og andre beredskapsaktørar blir svekt. Dette er ein risiko som må møtast med risikoreduserande tiltak. Det er likevel ikkje slik at stasjonane den siste tida har hatt ei framståande rolle i dette arbeidet.

4.3. Risikoreduserande tiltak

Dei risikoreduserande tiltaka blir sett i verk for å redusere risikoen for at ressursane i for stor grad blir retta mot dei sentrale, men òg dei mindre sentrale strøka. Sårbarheitene skal balanserast gjennom følgjande tiltak:

4.3.1. Oppretthalding av tilpassa politistasjon

Det vil bli vidareført eit anna type tenestetilbod, kalla tilpassa politistasjon, i Bremanger.

Tenestetilbodet skal:

- sikre lokal tilgjenge, synlegheit og tillit
- støtte førebygging, politikontakt og samhandling med kommune og samarbeidspartnarar
- vere kontaktpunkt for innbyggjarane og arbeidsstad for førebyggjarar
- kunne brukast ved varsla hendingar og planlagd innsats

Ved behov kan stasjonen òg fungere som basepunkt for patrulje, med arbeidsplassar for rapportskriving, pausar og enkelt utstyr.

Ein tilpassa politistasjon skal som minimum ha følgjande innhald:

- behovstilpassa opningstider
- moglegheit for å ta imot meldingar, tips og bekymringar frå innbyggjarane
- rettleiing om politiet sine tenester og vidare oppfølging

Avklaringar om tenesteinnhald og opningstid må gjerast i samarbeid med kommunane. Lokala blir tydeleg skilta.

Forvaltningstenester og sivil rettspleie inngår ikkje som minstekrav.

Tilpassa politistasjonar har ikkje fast oppmøte for patrulje, og lagrar ikkje verdiar som krev omfattande sikring, som til dømes beslagrom og våpenlagring. Det blir ikkje stilt faste krav til bemanning. Løysingane er baserte på lokale risikovurderingar og følgjer Politiets fellestenester sitt konsept for mindre politistasjonar med lågare kostnader til tryggleik.

Ein tilpassa politistasjon gir lokalt nærvær og operativ støtte, men er ikkje ein fullinnretta politistasjon med kontinuerleg bemanning eller breitt tenestespekter.

Tenesteinnhaldet skal fastsetjast i instruks på politidistriktsnivå og følgjast opp for å sikre at den tilpassa politistasjonen fungerer som ein reell lokal politiressurs innanfor dei økonomiske rammene og dei samla prioriteringane.

4.3.2. Førebyggjande arbeid, særleg overfor barn og unge

Den tilpassa politistasjonen vil, i tillegg til å vere eit basepunkt for politipatruljen og eit lågterskeltilbod for innbyggjarane, også ha eit førebyggjande hovudføremål.

4.3.3. Etablering av mobile oppmøteplassar

Planlagd og føreseieleg nærvær knytt til fastsette dagar, tider eller behov blir vesentleg i Årdal og Aurland og i kommunar som dekkjer dei ytre områda i distriktet.

Mobile møteplassar består av politipatruljen og/eller politikontakt og skal sikre innbyggjardialog, informere og trygge befolkninga om relevante tema. Mobile møteplassar skal ivareta tilgjenge utan faste bygg. Ein mobil møteplass kan vere på plassar kor folk ferdast eller samlast. Det kan óg leggjast til områder kor det er naudsynt at politiet er til stades for å førebyggja kriminalitet.

Heile den geografiske driftseininga er éin og same vakt- og beredskapsregion, og det inneber at patruljar frå heile driftseininga på ein saumlaus måte dekkjer akutte oppdrag etter flåtestyring frå operasjonssentralen. Den førebyggjande og synlege patruljetenesta vil vere målretta mot definerte utsette område, kombinert med målretta mobile møteplassar i dei ytre områda.

4.3.4. Oppretthalde samarbeid om førebyggjande arbeid og lokal beredskap

Samarbeidet om det førebyggjande arbeidet og den lokale beredskapen blir ivareteke gjennom patruljemannskap, politikontakt, målretta lokale møteplassar og innsatsleiarane i driftseininga.

Tiltaka skal samla bidra til at innbyggjarane i den geografiske driftseininga Sogn og Fjordane framleis får tilgjengelege og relevante polititenester.

4.4. Vidare samarbeid mellom kommune og politi

Politidistriktet ser eit stort potensial i det vidare samarbeidet, mellom anna innan:

- meir målretta og konkret førebygging og tidleg innsats
- samlokalisering eller bruk av kommunale lokale
- felles planverk, øvingar og beredskapsarbeid
- bruk av mobile løysingar og alternative møteplassar

Vi ber kommunen særleg vurdere og gi innspel til korleis slikt samarbeid kan vidareutviklast, korleis lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT), politikontakt og politiråd kan samordnast og vidareutviklast, gjerne i regionråd eller i interkommunalt samarbeid for mindre kommunar, og kva tilleggstenester som bør leggjast til den tilpassa politistasjonen og dei mobile møteplassane.

Det er viktig å presisere at dette er starten på ein prosess; ikkje slutten. Kommunane sine høyringssvar vil bli samanstilte og vurderte, slik at dei kan inngå i den vidare handsaminga av innstillinga. Etter det vil innstillinga leggjast fram for partane etter Hovudavtalen, og etter det for direktoratet og departementet. Det betyr at politimeisteren si leiargruppe no har sett ei strategisk retning som det vil ta noko tid å handsame og om mogeleg gjennomføre.

Dersom kommunane ønskjer meir informasjon om høyringa, ber vi om at de tek kontakt. Kontaktperson i Vest politidistrikt er prosjektleiar politiinspektør Morten Espen Ørn (morten.orn@politiet.no).

Med helsing

Ane Kvaal
politimeister

Torgeir Haugen
politiinspektør

Vedlegg:

Strategisk retning – innstilling på politistasjonsdistrikt og tenestestader i dei geografiske driftseiningane (GDE) i Vest politidistrikt

Sakshandsamar:

Morten Ørn
politiinspektør

Kommunar:

Askvoll
Aurland
Bremanger
Fjaler
Gloppen
Hyllestad
Høyanger
Kinn
Luster
Lærdal
Sogndal
Stad
Stryn
Sunnfjord
Vik
Årdal